

TELEMARK
FOLKEMUSIKKLAG

ÅRSMØTE

2015

onsdag 29. april kl. 18.00

Gullbring kulturanlegg Bø

SAKSLISTE FOR ÅRSMØTET

Årsmøtet

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av møteleiar og referent, samt to protokollunderskrivarar.
4. Opprop
5. Årsmelding 2014
6. Årsrekneskap 2014
7. Arbeidsplan og budsjett
8. Val

SAKER FOR REPRESENTANTSKAPET

Orienteringar, ordskifte og vedtak

1. Telemark folkemusikksenter
2. Folkemusikarbank/ ensemble
3. Opplegg for UngFolk 2015
4. Tiltak for unge talent
5. Lokal arrangør av haust- og vårkurs 2015 og 2016
6. Arrangør av fylkeskappleiken 2015 og 2016
7. Tiljetakt - status

4. OPPROP

Medlemslag 31.12.14 (tal frå FolkOrg) :

	LAGSNAMN	RØYSTER	MEDLEM
1	Bø dansarring	2	
2	Bø juniorspelemannslag	2	
3	Falkeriset folkemusikklag	2	
4	Fjellrosa spel- og dansarlag	2	
5	Fossegrimen folkemusikklag	2	
6	Gransherad spel- og dansarlag	2	
7	Nes nasjonale dansarring	2	
8	Seljord folkemusikklag	2	
9	Spelemannslaget Bøheringen	2	
10	Spelemannslaget Sullarguten	2	
11	Spelemannslaget Vårleengt	2	
12	Tinn spelemannslag	2	
13	Tuddal spelemannslag	2	
14	Vinje dansarring	2	
15	Vinje spilemannslag	2	
	Æresmedlemmer		
	Totalt medlemstal pr. 31.12.14	336	

I TFL sine vedtekter heiter det:

I følge prøveordninga som gjeld frå 2014 til 2016 kan alle medlemslaga stille med 2 representantar med stemmerett.

5. ÅRSMELDING 2014:

5.1. Styret og andre verv:

Årsmøtet 2014 blei halde onsdag 23. april i Gullbring kulturanlegg.
Tillitsverv i inneverande periode (2 år) vart slik:

Leiar	Kjell Stundal	2 år
Nestleiar	Bjønn Rue	2 år
Styremedlem	Rønnaug Larsen	2 år
Styremedlem	Inger Lien	2 år
Styremedlem	Lars Ingar Meyer Fjeld	2 år
Varamedlem	Ole Arnfinn Hagen	2 år
Varamedlem	Gudrun Straand	2 år
Revisor	Harald Omnes	2 år
Valnemnd	Ottar Kaasa	2 år
Valnemnd	Aslaug Kostveit	2 år
Rekneskap	Heidi Vege TKN	*
THM	Torgeir Straand	2 år

5.2. Møteverksemd:

Styret har hatt 4 møter i 2014 samt årsmøte og representantskapsmøte. Det er behandla 21 saker og det er orientert om 5 saker i tillegg .

5.3. Medlemsskap i andre organisasjonar:

Telemark fylkeslag (TFL) er medlem i hovudorganisasjon **FolkOrg**. TFL er også medlem i paraplyorganisasjonen **Telemark kulturnettverk (TKN)** og kan stille på årsmøtet med 2 representantar. TFL deltek også i **Telemark folkemusikkforum** som blei danna på initiativ av TKN på nyåret 2012, som ein uformell møteplass for ulike folkemusikkaktørar i fylket – lag, festivalar, arkiv, arrangørar, hardingfelesenter osb. TFL er og ein av fleire stiftarar av Telemarkfestivalen og har fast plass i årsmøtet til festivalen som øverste organ.

5.4. Medlemmar i 2013:

Lokallag:

15 lokallag med i alt **336** medlemmer har vore tilslutta TFL i 2014 – sjå lista ovanfor.

Direktemedlemmar:

TFL har hatt 4 direktemedlemmer busett i og utanfor fylket i 2014.

Heidersmedlemmar:

Hauk Buen, Jondalen, Halvor Svartdal, Seljord, Tarjei Romtveit, Vinje, Audun Norheim, Rauland, Olav Øyaland, Tinn, Bergit Dahle, Rjukan.

5.5. Fylkeskappleiken 2014:

Fylkeskappleiken 2014 vart halden heddal med arrangørane Fjellrosa spel og dansarlag og Vidar UL.

Resultatliste på: www.fjellrosa.net

5.6.1. Landskappleiken 2014:

Landskappleiken var i 2014 på Geilo 25.-29.juni. Det var mange gode prestasjonar av deltakarar frå Telemark. Av dei som hevda seg heilt i toppen kan nemnast:

Dans hardingfele kl. B - Unni Boksasp og Sigbjørn Rua 1. plass

Vokal B - Ingebjørg Lognvik Reinholt 1. plass

Hardingfele A -Per Anders Buen Garnås kom til finalen og landa til slutt på ein 2. plass.

Dans h.fele super D Olav Sem og Rønnaug larsen 1. plass

Fullstendig resultatliste på www.folkemusikk.no)

5.7. Torkjell Haugeruds Minnefond (THM):

THM blei stifta i 1967. Styret er sett saman av tre personar, ein frå kvar av desse organisasjonane: FolkOrg (tidl. Landslaget for Spelemenn), Telemark Ungdomslag (TU) og Telemark Folkemusikklag (TFL). Styremedlemmane oppnemnst gjennom valprosessen til årsmøta i dei tre organisasjonane for tre år av gongen, men slik at eitt av styremedlemma er på val kvart år.

Årsmeldinga finn du som vedlegg 2.

5.9 Vår- og haustkurs

Vårkurset vart avlyst på grunn av svak påmelding. Gransherad spel- og dansarlag arrangerte haustkurs i samarbeid med Bø juniorspelemannslag. Kurset gjekk over to dagar, 14. og 15. november med 47 deltakarar og 6 instruktørar.

5.10 UngFolk

UngFolk 2014 vart gjennomført i Gullbring kulturhus med 34 deltakarar og gjennomført med 10 lærarar. Telemark kulturnettverk v/ Kjell Stundal var hovedansvarleg for administrasjon og gjennomføring av kurset i samarbeid med Ingebjørg Lognvik Reinholt. Rapport for UngFolk finn du som vedlegg 3.

5.11 Bygda dansar framdrift 2014

Bygda dansar-Telemark hadde kick-off under Seljordskappleiken 20.-21. september 2013 og har hatt sitt første heile driftsår i 2014.

5.12 Oppsummering av arbeidsåret:

I 2014 har styret vektlagt å arbeide med fylgjande saker:

Økonomi forhandlingar med fylkeskommunen førde til påplussing av tilskot både til UngFolk og Fylkeslaget med kr. 10.000 på kvar for 2014.

Kurs Styret har fordelt haust- og vårkurs til lokale lag med eit tilskot på kr. 10.000 frå fylkeslaget Vårkurset i regi av Bø juniorspelemannslag vart avlyst på grunn av dårleg påmelding. Tilskotet frå Komp vart overført til haustkurset som vart arrangert av Gransherad spel- og dansarlag .

UngFolk Sommarskulen UngFolk er eit tiltak i regi av TFL og eit regionalt kurs som dekkar regionen Sør-Vest. Rekneskapen for tiltaket vert ført som prosjekt av fylkeslaget sitt rekneskap. Det er skrive eigen rapport for tiltaket. Sjå vedlegg.

Talentutvikling Styret har vore opptatt av å få større fokus på å hjelpe dei spesielt interesserte elevane i si vidare utvikling og ønskjer å utvikle meir systematiske opplegg for dei. Til dette vil styret ta i bruk dei allerede etablerte kurstilboda og gradvis legge meir vekt på eigne opplegg for dei eldste.

Ensemble Styret har og drøfta behovet for å etablere samspelgrupper og utøvingstilbod for dei som ønskjer å satse på folkemusikk som deltidsyrke. Styret vil arbeide vidare med dette initiativet i neste periode.

Kompetansesenter for folkemusikk I budsjettarbeidet på Stortinget vart det gitt tilskot til etablering av 3 kompetansesenter for folkemusikk. Telemark og region Sør var ikkje blant desse. Det vart difor sett i gang eit arbeid for å lage ein formell organisasjon som kan stå for arbeidet og vere i posisjon til ein søknad for 2015. Det er sendt søknad til fylkeskommunen som delfinansiering. I løpet av 2014 utarbeidde interimsstyret utkast til vedtekter med tanke på formell etablering på nyåret i 2015. Det vart og sendt søknad til Norsk kulturråd. Søknaden vart behandla på nyåret 2015.

Organisering av fylkeslaget. Årsmøtet i 2014 vedtok å prøve ut ein meir direkte modell for å styrke samarbeidet mellom fylkesstyret og lokallaga. I hovudsak går det ut på at det formelle øverste styringsorganet er eit representantskap som består av alle medlemslaga. Dagens styre får rollen som arbeidsutval (AU) og førebur sakene til representantskapet i tillegg til å behandle hastesaker. (som representantskapet delegerer) Dagens vedtekter vert ikkje endra, men i ein 2-årig prøveperiode vert det gjort forsøk med ein representantskapsmodell.

6. Årsrekneskapen 2014

Leggast fram på årsmøtet. Rekneskapsfører har vore Heidi Vege i Telemark kulturnettverk, og revisor har vore Harald Omnes
Rekneskapen finn du som vedlegg 4.

7.Arbeidsplan

Prioriterte arbeidsoppgåver 2014

- **Økonomi** Styret ønskjer å sette fokus på økonomien i fylkeslaget og i lokallaga for å sikre så gode rammevilkår som mogeleg.
- **Vår/haustkurs** – Vidareutvikle tilbodet på kursa slik at dei i større grad kan gje eit godt tilpassa opplegg for dei eldste deltakarane ved å tilby minst to nivå.
- **Fylkeskappleiken** – gjennomføre 2015 og planlegge kappleiken for 2016
- **UngFolk** – Vidareutvikle UngFolk meir i retning av å vere også eit talenttiltak ved å tilby kurs for vidarekomne elevar.
- **Bygda dansar** – Samarbeide med Bygda dansar om gjennomføring av prosjektet.
- **Talentutvikling** Arbeide vidare med dette tiltaket med utgangspunkt i den nyleg vedtatte strategidokumentet for kultur og kulturav i Telemark fylkeskommune. Søke om midlar frå ulike instansar.
- **Folkemusikkensemble** Arbeide vidare med dette prosjektet i tett samband med etablering av eit folkemusikksenter.
- **Telemark folkemusikksenter** I samarbeid med fleire regionale folkemusikkaktørar arbeide for offentlege tilskot og oppstart så snart det let seg gjere reint praktisk.

8. Val

Sittande styre er valde for 2 år som prøveordning for perioden 2014-2016.

SAKER FOR REPRESENTANTSKAPET

Orienteringar, ordskifte og vedtak

- 1. Telemark folkemusikksenter/Kompetansesenter for folkemusikk**
- 2. Folkemusikkensemble/ utøvarbank**
- 3. Tiltak for unge talent**
- 4. UngFolk 2015**
- 5. Lokal arrangør av haust- og vårkurs 2015 / 2016**
- 6. Arrangør av fylkeskappleiken 2015 og 2016**
- 7. Tiljetakt - status**

Diverse orienteringar

Seljord og omegn folkemusikk- og dansefond

Seljord spelemannslag har oppretta eit fond på 0.5 mill etter eit vellukka Landskappleikarrangement i 2011. Det blir fordeling 2 gonger i året etter ut søknader.

Heidi Løvlunds minnefond.

Bø Kulturnettverk har over ein tiårsperiode bygd opp eit fond på kr. 250.000
Rentene av fondet skal delast ut til unge folkemusikkutøvarar frå Bø og omegn.